



# Innkalling av Alver kommunestyre

**Møtedato:** 15.08.2023  
**Møtestad:** Helsehuset, møterom Nordhordland  
**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhold/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

Saknr	Tittel
108/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
109/23	Godkjenning av møteprotokoll
110/23	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-26, ro- og padleled
111/23	Utviding av tal teljetidspunkt barnehage
112/23	Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste
113/23	Samarbeidsavtale Industriutvikling Vest 2023-2024
114/23	Handsaming av interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7
115/23	Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS
116/23	Melding/orientering til kommunestyret 22.06.2023
117/23	Spørsmål/interpellasjonar 22.06.2023

8. august 2023

Sara Hamre Sekkingstad  
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 08.08.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 28.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
109/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

#### Vedlegg i saken:

28.06.2023 Protokoll - Alver kommunestyre - 22.06.2023

1957504

**Arkiv:**

<arkivID><jpID> FE-144, FA-C20

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:**

28.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
089/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
110/23	Alver kommunestyre	15.08.2023
025/23	Eldreråd	05.06.2023
020/23	Ungdomsråd	05.06.2023
036/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.06.2023
022/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.06.2023

## Temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-26, ro- og padleled

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleled.

### Eldreråd 05.06.2023:

#### Handsaming:

Eirik B. Utne-tenesteleiar kultur orienterte i saka.

Eldrerådet sluttar seg til framlagd temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026, ro- og padleled.

Samrøystes vedteke.

### ER- 025/23 uttale:

Eldrerådet sluttar seg til framlagd temaplan for friluftslivets ferdselsårer 2022-2026, ro- og padleled.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:

#### Handsaming:

Orientering til saka v/Eirik B. Utne-einingsleiar Kultur

#### Fellesframlegg:

RMNF støttar satsinga på utsetjingsstader med universell utforming.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### RMNF- 022/23 uttale:

RMNF støttar satsinga på utsetjingsstader med universell utforming.

### Ungdomsråd 05.06.2023:

#### Handsaming:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

### UR- 020/23 uttale:

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:**

### **Handsaming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

## **OKK- 036/23 innstilling:**

Kommunestyret vedtar temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleledel.

## **Alver kommunestyre 22.06.2023:**

### **Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## **KO- 089/23 Vedtak:**

Saka er utsett.

## **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

## **Saka gjeld**

Temaplan for friluftslivets ferdselsårer vart vedtatt hausten 2022. Eit av tiltaka i planen var utarbeiding av friluftslivets ferdselsårer til sjøs og på vatn. Som følgje av ei stigande interesse for ferdsel langs fjord og i vatn, og også som eit ledd i attraktivitetsbygginga av Alver kommune vil ein gjennom ein ro- og padleplan få kartlagd, synleggjort, og forslått tiltak på stader med dei mest attraktive ro- og padlerutene i kommunen. Som ein del av kartlegginga er det sett på bl.a. parkeringstilhøve, utsetjingsstader og tilgang for ålmenta. Vestland fylkeskommune har lyst ut og tildelt midlar til kartlegging og gradering av ro- og padleruter. Bergen og Omland Friluftsråd søkte etter avtale på vegne av Alver kommune, og fekk kr 50 000 til dette arbeidet. Forslag til ro- og padleruter som kan graderast er difor med som ein del av planforslaget.

## **Saksopplysningar**

### Bakgrunn:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vedtok i møte 7.februar sak 020/23 å leggja planen ut på høyring med høyringsfrist 31.mars. Denne saka gjeld endeleg vedtak av plan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleledel 2022-2026.

### Utarbeiding av planen og medverknad:

Friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleledel har følgd metodikken i Vestland fylkeskommune sin prosjektplan «Ro- og padleruter i Vestland 2022-26». I tråd med denne er prosessen gjennomført i fire steg:

1. Oppstart (forankring, prosjektplan og annonsering)
2. Kartlegging av no-status
3. Analysera og vurderer tiltak
4. Samanstilling og vedtak

Det vart sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå eit utval relevante frivillige organisasjonar i Alver kommune, kulturavdelinga og stab samfunnsutvikling. Arbeidsgruppa har hatt ansvar for heile planprosessen, og har også utarbeida planen. Kartlegginga er gjort av arbeidsgruppa i samarbeid med og i dialog med ressurspersonar, lag og organisasjonar. Det har vore ein viktig del av prosessen og informasjons- og kompetanseinnhentinga at det har vore med representantar frå det frivillige organisasjonslivet i kommunen.

### Innspel til planen:

Planen vart lagt ut på høyring 14.februar. Dette vart kunngjort på nettsidene, på Facebook

og i lokalavisene. I tillegg vart det sendt ut brev til aktuelle lag og organisasjonar. Det kom åtte skriftlege innspel i løpet av høyringsperioden. Innspela er oppsummert og kommentert i eige vedlegg lagt ved saka.

Økonomiske konsekvensar:

Nokre av tiltaka kan gjennomførast som del av ordinær drift og innanfor gjeldande ramme og/eller med midlar som er sett av i fond til skiltprosjekt. I tillegg kjem større einskildtiltak, jf kapittel 5.3. Desse vert tatt med og prioriterte i samband med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

**Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at temaplan for friluftslivets ferdselsårer sin ro- og padleplan vert vedtatt slik den ligg føre.

**Vedlegg i saken:**

30.05.2023	Temaplan for friluftslivets ferdselsårer	1933558
30.05.2023	Innspel__ro_padleplan	1933559
30.05.2023	Utsetjingsstader	1933560
30.05.2023	Registreringskjema ro- og padleruter	1933561

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-A10  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.06.2023
060/23	Alver formannskap	08.06.2023
091/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
111/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

## Utviding av tal teljetidspunkt barnehage

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:

#### Handsaming:

Kristin Moe-tenesteleiar Oppvekst svara på spørsmål i saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 5 røyster (Leila Bjørge-Sp, Anna Nordlund-SV, Marit Gro Berge-SV, Jostein Borlaug-Ap, May Britt Vågenes Gjerde-Sp)

mot (Yngve Walaker-Frp, Christiel Villanger Håland-H, Sølvi Vatnøy-Krf)

### OKK- 034/23 utfale:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet.

### Alver formannskap 08.06.2023:

#### Handsaming:

#### Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Alver kommune opprettheld eitt teljetidspunkt for barnehagane. Dei kommunale og dei private barnehagane må telja barn på samme tidspunkt for å gje eit likeverdig grunnlag for tilskotsberekning. Dei kommunale barnehagane må praktisera løpande opptak, i tråd med praksis hjå dei private.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 5 røyster (J.Hellestveit-SP, N.Bognøy-AP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP og Ø.Oddekalv-AP)

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 5 røyster og fall, mot 6 røyster.

### **FO- 060/23 innstilling:**

Alver kommune opprettheld ett teljetidspunkt for barnehagane. Dei kommunale og dei private barnehagane må telja barn på samme tidspunkt for å gje eit likeverdig grunnlag for tilskotsberekning. Dei kommunale barnehagane må praktisera løpande opptak, i tråd med praksis hjå dei private.

### **Alver kommunestyre 22.06.2023:**

#### **Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KO- 091/23 Vedtak:**

Saka er utsett.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### **Saka gjeld**

Saka er ei oppfølging av vedtak i formannskapet 09.02.23, som byggjer på vedtak i kommunestyret 15.12.22, gjeldande sak 182/22 Økonomiplan 2023-2026.

Vedtaket omhandlar fleire verbalpunkt, mellom anna eit punkt om teljetidspunkt barnehage. I verbalpunktet nr. 22 Tenesteyting barnehagar og barnehagestrukturplan står det:

**«Det opplyst frå administrasjonen at det er pr. i dag 600 ledige barnehageplassar i Alver. Dette har ført til at Folkepartiet har revurdert antall teljetidspunkt og en ny barnehagestrukturplan. Vi ønskjer at det vert innført tre teljetidspunkt pr. år. Dette vil ha innverknad på kommunen sin økonomi. Folkepartiet trur også at dette vil gjøre det enklere for foreldre og barnehage å ta inn nye barn inne i ett barnehage år. Dette ses på som nødvendig ihht. kommunen sin økonomiske situasjon».**

Med verbalpunktet forstår administrasjonen at kommunestyret har vedtatt ein intensjon om å innføre tre teljetidspunkt for barnehagane i kommunen, og framlegg til vedtak som vart lagt fram frå kommunedirektøren si side byggjer på denne forståinga.

I sak 003/23 fatta formannskapet følgjande vedtak:

**«Formannskapet sender saka på fire veker høyring til barnehagane i Alver kommune, og ber om å få saka attende etter saka har vore på høyring.»**

#### **Saksopplysningar**

##### **Bakgrunn:**

Fleire kommunar har innført fleire teljetidspunkt i året.

Etter Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, § 12 Rapportering av barn i private barnehager kan kommunen: *«i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner.»*

##### **Sakshistorikk**

Temaet har tidlegare vore handsama politisk i 2021, og i sak 080/21 fremja kommunedirektøren å innføre følgjande tre teljetidspunkt i året; 15. februar, 15. august og 15. desember.

Kommunestyret fatta den gong vedtak om å halde på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, og at det skulle vere 15.12, som er den obligatoriske teljedatoen i samband med BASIL-rapporteringa.

Saka har no vore på høyring til barnehagane, og det kom inn uttale frå:

Samarbeidsutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage



PBL Alver lokallag (som representerer dei fleste private barnehagane i kommunen)  
Leiketun barnehage  
Leirdalen barnehage  
Utdanningsforbundet Alver

Knarvik barnehage og PBL Alver lokallag gav uttale då saka var til handsaming i februar, og desse er også lagt ved saka no.

### **Behov**

#### **Vurderingsgrunnlag**

Dei største endringane i forhold til tal barn i barnehagane i Alver kommune er knytt til nytt barnehageår. Dei eldste barna i barnehagen byrjar på skulen og nye barn tar til i barnehagen. Barna har rett til barnehageplass frå fylte 1 år 1. september, 1. oktober og 1. november, og kommunen har krav på seg om å tilby barnehageplass i samsvar med denne retten. I praksis betyr det at barn etter søknad, har rett til barnehageplass frå fylte 1 år frå august av og ut over hausten, uavhengig av tal teljetidspunkt.

Med fleire teljetidspunkt i året, vil dei private barnehagane få justert driftstilskot for barn som blir tatt opp i løpet av barnehageåret.

Alver kommune har teljetidspunkt den 15.12. Dette i samsvar med bestemningar i Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, § 12. Rapportering av barn i private barnehager:

*«Eier av private barnehager skal hvert år rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid i barnehagen per 15. desember. Kommunen skal bruke de private barnehagenes rapportering fra året før tilskuddsåret i utregningen av tilskuddet til de private barnehagene.*

*Kommunen kan i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner».*

### **Partar**

Saka er relevant for føresette, private barnehagar og kommunen.

Private barnehagar representert ved eigar vil ha interesse i berekningsgrunnlaget for tildeling av tilskot til drift av barnehagen, og er difor definert som part i saka.

Kommunen er å rekne som part i saka, då det er drifta i dei kommunale barnehagane som danner grunnlag for tilskot til dei private barnehagane samt at tal teljetidspunkt får konsekvens for kommunen sine overføringar til private barnehagar.

Saka er også relevant for brukarar av barnehagane i kommunen, som vil ha interesse av eit så godt og fleksibelt barnehagetilbod som mogleg. Tildeling av barnehageplass i løpet av året, i samsvar med familien sitt behov for plass i barnehage, vil vere eit døme på dette. Eit anna døme kan vere å få tilbod om barnehageplass i nærleiken av heimen, eller i samsvar med søknad, for å unngå at familien opplever utfordringar i høve til logistikk mellom heim – barnehage – jobb.

### **Innspel som er sendt inn i samband med høyringa og vurdering av desse:**

**Samarbeidsutvalet ved Austebygd skule og Austebygd barnehage** melder at dei støttar framlegget om å etablere ein praksis med tre teljetidspunkt. Dei grunnjv dette ut frå familiar som har trong for barnehageplass og at kommunen gjennom året betalar for rett tal barn i barnehagane. SU meiner også at dei barna som har lovfesta rett til barnehageplass (ut november månad) bør vere med i teljinga i september.

**Vurdering av uttalen:** Momenta er i stor grad i samsvar med framlegg og vurdering frå administrasjonen si

side. Innspelet om at å rekne med barn som blir tatt opp i perioden 2.9-30.11 til teljetidspunktet i september, kan vurderast i samband med eventuell utarbeiding av lokal retningsline for tilskot til private barnehagar i kommunen.

**Leiketun barnehage** har strukturert sine innespel etter hovudpunkta teljetidspunkt, ledige barnehageplassar, økonomiske konsekvensar for drifta av barnehagen, konsekvensar for personalet, konsekvensar for barn med rett til barnehageplass og lik behandling av alle barnehagebarn i Alver.

Teljetidspunkt: Barnehagen viser i sin uttale til at dei private barnehagane gjennomfører kontinuerlege opptak gjennom året, og at fleire teljetidspunkt ikkje vil medverke til å auke opptaket i dei private barnehagane. Tre teljetidspunkt vil medføre eit meirarbeid for barnehagen og det kan gjere barnehagedrifta usikker, då dei kan få endringar i driftstilskotet tre gonger.

Ledige barnehageplassar: Leiketun barnehage viser til at det er feil i tal ledige plassar i barnehagen som vart presentert for politisk. Verbalpunktet frå 15.12.22 kan få uheldige konsekvensar for utkantene i kommunen, då det er der det er færrest barn. Barnehagen spør om det er dette politikarane i Alver vil oppnå.

Økonomiske konsekvensar for drifta av barnehagen: Fleire teljetidspunkt vil gjere det svært vanskeleg å planleggje drifta i barnehagen. Barnehagen har dei siste åra ikkje hatt stort handlingsrom, og det er viktig å kunne ha mest mogleg stabilt økonomisk grunnlag.

Konsekvensar for personalet: Barnehagen ønskjer stabil arbeidskraft til det beste for barna. Dei ser for seg at fleire ulike tildelingar i løpet av året kan føre til at tilsette må bli permittert i periodar. Utviding av personalgruppa i periodar vert i praksis vanskeleg. Barnehagen uttrykkjer uro for å miste dyktige tilsette.

Konsekvensar for barn med rett til barnehageplass: Dersom barn med rett på barnehageplass søker om plass mellom teljetidspunkta, kan det det føre til at barnehagen ikkje kan tilby slik plass, ettersom dei ikkje har økonomi til å tilsetje ekstra personale. Barnehagen viser i uttalen til Bergen kommune, som gjev driftstilskot til desse barna utanom teljetidspunkta også.

Lik behandling av alle barnehagebarn i Alver: Leiketun barnehage uttrykkjer at eventuell innføring av fleire teljetidspunkt må få lik konsekvens for både kommunale og private barnehagar i kommunen. Dei visert til at kommunen har stordriftsfordeler i høve til rekneskap og revisjon, innkjøp m.m.

Leiketun barnehage avsluttar sin uttale med at dei ikkje ønskjer tre teljetidspunkt for barnehagane i kommunen. Dette for at barnehagen skal ha eit oversiktleg og føreseieleg driftsgrunnlag. Det er også viktig for å ha eit godt, stabilt og kompetent personale, noko som er til barna sitt beste.

#### **Vurdering av uttalen:**

Fleire teljetidspunkt kan bidra til at dei kommunale barnehagane tar opp fleire barn i løpet av barnehageåret, og slik bidra til at kommunen tilbyr eit meir likeverdig tilbod.

Erfaringsvis er det færre barn som sluttar i barnehagen i løpet av året enn nye som startar opp, så fleire teljetidspunkt kan også vere til gunst i høve til tilskotet til barnehagane. Det blir opp til den einskilde barnehage å avgjere korleis barnehagen skal organsierast med omsyn til bemanning. Det vil til dømes vere mogleg å ha ein prosent av ei stilling på topp, som kan gå inn ved vikarbehov. Dette kan vere med på å sikre stabilitet og gode arbeidsvilkår for dei tilsette og kvalitet i tilbodet til barna.

Ved innføring av fleire teljetidspunkt får den einskilde barnehage kompensert opptak av nye barn på eit tidlegare tidspunkt, og med det eit økonomisk handlingsrom for å ta inn barn i løpet av barnehageåret.

Tal ledige plassar i barnehagane er presentert til politisk både med omsyn til godkjenning og pedagogisk kapasitet. Det er opp til dei private barnehagane å vurdere kor mange barn dei vil ta inn i barnehagen, innafør rammene for godkjenning.

Eit godt, stabilt og kompetent personale er viktig for kvaliteten i barnehagetilbodet.

**Knarik barnehage** har kome med fire innspel til saka. Dei er strukturert etter følgjande oppsett:

Rett til barnehageplass: Barnehagen viser til at barn som fyller 1 år ut over hausten har lovfesta rett til barnehageplass, og at med teljedato 01.09 vil ikkje barnehagen få tilskot for barn som startar i barnehagen frå 02.09 og til 15.12. Tap av inntekter i fleire månader vil få store konsekvensar for drift.

Sikre kvalifisert bemanning: Barnehagen viser til at det er uheldig at det blir skapt usikkerheit rundt tilskot og inntekt. Konsekvensen av ein teljedato i september kan vere permittering av personale for kortare eller lengre periode. Barnehagen stiller spørsmål ved kva det vil ha å seie for å sikre eit kvalifisert pedagogisk personale, samt korleis kommunen vil løyse personalsituasjonen i forhold til tilsetjing og permittering gjennom barnehageåret.

Administrative kostnader: Barnehagen ber om at det blir utarbeida oversyn over auke i kostnader ved innføring av fleire teljedatoar.

Ledige barnehageplassar: Barnehagen viser til at administrasjonen har vist ei uheldig framstilling av tal ledige barnehageplassar i kommunen, og ber om at det faktiske talet blir presentert for politisk.

**Vurdering av uttalen:** Med eitt teljetidspunkt vil barnehagane få tilskot etter tal barn i barnehagen ved teljing. I dag er teljetidspunktet 15.12. Barn som får plass i barnehagen etter 15.12.23, er ikkje med i grunnlag for tilskot før neste teljing, 15.12.24. Ved fleire teljetidspunkt i året, kan barnehagane få tilskot for barn som startar i barnehagen på eit tidlegare tidspunkt enn ved berre eit teljetidspunkt. Innføring av fleire teljetidspunkt vil vere til gunst for dei private barnehagane som tar inn barn etter teljetidspunktet 15.12 og i løpet av barnehageåret.

Det kan vere aktuelt å dokumentere kva innføring av fleire teljetidspunkt har å seie for kapasitet og oppgåver i administrasjonen, men desse oppgåvene er meint å skulle løysast innafor eksisterande rammer.

I høve til oversyn ledig kapasitet barnehagane i kommunen, har administrasjonen presentert tal både ut frå godkjenning og pedagogisk kapasitet, og vist til at det er opp til den einskilde barnehage å avgjere kor mange barn dei vil ta inn innafor godkjenninga.

***Leirdalen barnehage*** har i sin uttale lagt særleg vekt på distriktspolitikk, og at det er viktig å satse på distrikta. Dei uttrykkjer at eit teljetidspunkt vil vere med på å sikre stabilitet og føreseielege rammer for drifta. Barnehagen tar inn barn heile året sjølv med berre eit teljetidspunkt, då dei er forplikta til det og tenkjer kundeperspektiv.

Barnehagen spør i uttalen om kven som søker seg til arbeidsplassar der utryggleiken aukar i takt med tal teljetidspunkt, og seier vidare at med eit teljetidspunkt har barnehagen høve til å behalde kvalitet og kompetanse det aktuelle barnehageåret.

Leirdalen barnehage etterlyser tiltak i høve til infrastruktur og utbetring av vegstrekka til Rosslund. Det vil vere konstruktivt med eit teljetidspunkt fordi behovet for fleire barnehagar vil auke i framtida. Det kan bli dyrt å bygge ned for så å bygge opp. Dei uttrykkjer at eit teljetidspunkt vil vere det beste for barna.

**Vurdering av uttalen:**

Fleire teljetidspunkt kan bidra til at dei kommunale barnehagane tar opp fleire barn i løpet av barnehageåret, og bidra til at kommunen tilbyr eit meir likeverdig tilbod.

Erfaringsvis er det færre barn som sluttar i barnehagen i løpet av året enn nye som startar opp, så fleire teljetidspunkt kan også vere til gunst i høve til tilskotet til barnehagane. Det blir opp til den einskilde barnehage å avgjere korleis barnehagen skal organsierast med omsyn til bemanning. Det vil til dømes vere mogleg å ha ein prosent av ei stilling på topp, som kan gå inn ved vikarbehov. Dette kan vere med på å sikre stabilitet og gode arbeidsvilkår for dei tilsette og kvaliteten i tilbodet til barna.

Ved innføring av fleire teljetidspunkt får den einskilde barnehage kompensert opptak av nye barn på eit tidlegare tidspunkt, og med det eit økonomisk handlingsrom til å ta inn barn i løpet av barnehageåret.

Det å ta heile kommunen i bruk er ei viktig prioritering for Alver kommune, som er nedfelt i samfunnsplanen.

**PBL Alver** har strukturert sin uttale i høve til områda økonomi, organisering, kvalitet, opptak gjennom heile året, distriktsuvenleg, likebehandling og avsluttar med ei tilråding frå PBL Alver.

**Økonomi:** PBL Alver viser til at dei ikkje kjenner seg igjen i dei tal over ledige barnehageplassar som er presentert for politisk nivå, og seier at nokre barnehagar har venteliste etter første opptaksmøte i mars. Dei seier også at dei opplever at det er ei misforståing om at ledige plassar er ein kostnad for kommunen. Ut frå PBL Alver sine simuleringar av kva tre teljetidspunkt vil innebere økonomisk, trur dei at tilskota vil auke og med det bidra til auke i kommunen sine kostnader til barnehage.

**Organisering:** PBL Alver viser til at tre teljetidspunkt vil bety at bemanninga må oppskalerast eller nedskalerast tre gonger i året for å kunne drive økonomisk berekraftig, og presenterer punktvis korleis dei meiner dette vil gå ut over kvalitet og føreseielegheit for dei tilsette.

**Kvalitet:** PBL Alver meiner at innføring av tre teljetidspunkt vil føre til at foreldre blir mindre nøgd med barnehagetilbodet, grunna manglande høve til å investere i kompetanse og kvalitet, redusert kapasitet til leiding, svekka tilvenningstid, auka sjukefråvær og fleire som sluttar i yrket.

**Opptak gjennom heile året:** PBL Alver viser til at dei private barnehagane tar inn barn i løpet av barnehageåret, og at dei ikkje kan sjå at innføring av fleire teljetidspunkt skal gje innbyggjarane betre fleksibilitet eller tilgjengelegheit enn slik det er i dag.

PBL Alver viser til at fleire teljetidspunkt kan føre til at barnehagane prioriterer opptak av yngre barn, og at det kan bli vanskelegare for eldre barn å få barnehageplass i løpet av året. PBL Alver trur også at mindre barnehagar kan vegre seg for å ta opp barn i løpet av året, då dette vil krevje kortsiktig oppskalering av tal tilsette. Ved eit teljetidspunkt meiner dei at alle barnehagar vil ha sikra ei jamn og stabil bemanning i det minste for eit år om gongen.

**Distriktsuvenleg:** PBL Alver viser til eigen undersøking og at innføring av tre teljetidspunkt vil svekke dei minste barnehagane med mindre tilgang på barn. Dette kan bety nedlegging av mindre barnehagar i distriktet og med det at mangfald, valfridom og høve til å ha barnehageplass i nærmiljøet vil forsvinne, og at dette går ut over både barn og føresette si oppleving av kvalitet.

**Likebehandling:** Dersom det blir innført tre teljetidspunkt i året, har PBL Alver forventning om at det same regimet blir innført i dei kommunale barnehagane. Dei viser til at dersom kommunen sine kostnader til barn i kommunale barnehagar skal danne grunnlaget, må det ut frå eit likebehandlingsprinsipp handsamast likt.

**Anbefaling frå PBL Alver:** Kommunen må rekne med redusert brukartilfredsheit ved innføring av tre teljetidspunkt. PBL Alver kan heller ikkje sjå at kommunen har noko økonomisk vinst av å innføre tre teljetidspunkt. Barnehagane må sikrast rammevilkår som gir føreseieleg driftsvilkår på minimum eit år fram. Dei private barnehagane tar ved ledig kapasitet inn barn gjennom heile året, og PBL Alver kan difor ikkje sjå kvifor tre teljetidspunkt skal bidra til å gje innbyggjarane betre fleksibilitet. PBL Alver rår til at kommunen held fram med eit årleg teljetidspunkt som i dag.

#### **Vurdering av uttalen:**

Administrasjonen har tidlegare presentert oversyn ledig kapasitet både etter godkjenning og pedagogisk kapasitet. Dei fleste barnehagane vil ut frå pedagogiske omsyn ikkje utnytte den totale kapasiteten til barnehagen, og dette er noko dei private barnehagane rår over sjølv. Ledig kapasitet i dei private barnehagane vil ikkje ha noko økonomisk konsekvens for kommunen.

Krav til bemanning i barnehagane er knytt til tal barn, og det vil vere dei same krava gjennom året uavhengig av tal teljetidspunkt. Skilnaden ved eit eller fleire teljetidspunkt vil vere at ein barnehage som tar inn eit ekstra barn i løpet av barnehageåret får økonomiske ressursar til å bemanne opp i samsvar med krav til bemanning i løpet av til dømes våren, dersom kommunen har fleire teljetidspunkt. Ved eit teljetidspunkt, blir ikkje dette kompensert før ved årsslutt. Dei fleste justeringane av tal tilsette vil skje i samband med nytt barnehageår, slik at fleire teljetidspunkt skal i liten grad gå ut over tryggleiken til dei tilsette.

Fleire teljetidspunkt i året kan bidra til at dei kommunale barnehagane kan ta opp fleire barn i løpet av barnehageåret, og med det bidra til eit meir likeverdig barnehagetilbod i heile kommunen. I delar av kommunen kan dette også kunne slå positivt ut i høve til brukartilfredsheit.

Alver kommune praktiserer i dag at barnehagar som tar inn barn i løpet av året bemanner opp i samsvar med krav til bemanning. Det er difor dette slår så sterkt ut på tilskota til dei private to år seinare. Auka bemanning etter 15.12 er med i berekningsgrunnlaget for tilskot, utan at barnehagen sine kostnader er fordelt på riktig tal barn.

**Utdanningsforbundet** seier i sin uttale at dei ser både positive og negative konsekvensar ved innføring av fleire teljetidspunkt. Dei finn det positivt at barnehagar som tar inn barn i løpet av barnehageåret raskare får tilskot for desse barna ved fleire teljetidspunkt. Dei viser til at fleire teljetidspunkt kan skape ein uføreseieleg situasjon for dei tilsette.

Utdanningsforbundet seier dei støttar PBL sitt innspel om at barn som har lovfesta rett til barnehageplass fram til 30.11 bør bli med i teljinga pr. 1.9. Dette vil gjere det lettare for barnehagane å rekruttere, og det blir mindre behov for å bemanne opp og ned i løpet av barnehageåret.

Utdanningsforbundet viser til at dei private barnehagane i stor grad har tatt inn nye barn i løpet av barnehageåret, slik at å auke opp teljetidspunkt vil ikkje ha særleg innverknad på fleksibiliteten for foreldra.

Utdanningsforbundet viser også til at fleire medlemmer ønskjer at teljetidspunktet i desember blir flytta til 1.12 eller 1.1, då 15.12 er eit lite gunstig tidspunkt for eit barn å starte i barnehagen. Dei viser også til at teljedatoen 15.12 er styrt av sentrale føringar, og at handlingsrommet til å endre den kanskje ikkje er så stor.

#### **Vurdering av uttalen:**

Dei største endringane i tal barn i barnehagane er knytt til nytt barnehageår, og barnehagane vil kunne fastsetje tal tilsette for neste barnehageår etter hovudopptaket. Ved fleire teljetidspunkt vil barnehagen få kompensert for opptak av fleire barn på eit tidlegare tidspunkt enn ved eit teljetidspunkt. Erfaringstal viser at det er fleire barn som tar til i barnehagen i løpet av barnehageåret enn som sluttar. Dersom eit barn sluttar i løpet av barnehageåret, er det opp til barnehagen å vurdere om den skal endre på bemanninga.

Det vil vere mogleg å ha høgare bemanning enn normkrava, som til dømes kan fungere som vikar ved sjukdom. Fleire av dei kommunale barnehagane praktiserer dette i dag.

Fleire teljetidspunkt kan bidra til at dei kommunale barnehagane i større grad kan ta inn barn i løpet av barnehageåret, så slik kan det bidra til auka fleksibilitet i tilbodet.

Teljetidspunktet 15.12 er nedfelt i forskrift om tilskot til dei private barnehagane, så handlingsrommet til å gjere endringar lokalt er som Utdanningsforbundet seier, ikkje stort.

#### **Ulike alternativ**

Alver kommune kan halde fram med eit teljetidspunkt i året. For å stette kravet i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar, må teljetidspunktet då bli 15.12.

Kommunen kan i lokal retningsline bestemme at dei private barnehagane skal rapportere om tal barn, alder på barna og opphaldstid ved fleire tidspunkt i året, samt kva som skal til for at tilskotet blir endra i løpet av året. Lokal retningsline skal fastsetjast før byrjinga av tilskotsåret. For Alver kommune sin del har det vore vurdert å innføre praktisering av to eller tre teljetidspunkt. Aktuelle teljetidspunkt som er presentert i denne saka er 1. mars og 1. september, i tillegg til 15. desember.

Dersom det er aktuelt å innføre to årlege teljetidspunkt i året, vil det eine tidspunktet vere 15.12. Ut frå utgreiinga i saka, vil det vere naturleg å vurdere om datoen 1. mars eller 1. september skal vere den andre teljedatoen.

I samband med høyringa har det frå fleire hald kome innspel om at barn som får barnehageplass på hausten

bør vere inkludert i ei eventuell teljing per 1.september. Dersom det er ønskjeleg å opne opp for dette, kan det vere aktuelt å etablere eit teljetidspunkt i september.

Erfaringsvis er det fleire familiar som ønskjer barnehageplass i januar/februar. Dette har truleg samanheng med lengde på foreldrepermisjon. Ved eit teljetidspunkt i mars vil barnehagane kunne få justert tilskot for våren, i samsvar med faktisk tal barn i barnehagen.

Tre teljetidspunkt i året vil kunne dekkje begge desse omsyna.

### **Økonomiske konsekvensar**

Dersom det er vesentlege endringar i aktivitetsnivået i ein privat barnehage, skal kommunen berekne tilskotet på nytt. I praksis har Alver kommune definert at vesentleg endring skal vere knytt til om det fører til endring i tal avdelingar i barnehagen.

Fleire teljetidspunkt i året vil medføre at administrasjonen bereknar tilskotet til dei private barnehagane tilsvarande, ved at kommunen skriv nye vedtak for dei barnehagane som får endring i barnegruppa.

Fleire teljetidspunkt i året vil også bety at ein privat barnehage som tar opp barn utanom hovudopptaket, får justert tilskotet for barnehagen etter ny teljing. Til dømes ved opptak av barn i januar/februar, så kan innføring av eit teljetidspunkt over jul bety at barnehagen får dette kompensert relativt kort tid etter at barnet har byrja i barnehagen. Slik praksis er i dag, vil dette først bli kompensert etter teljing 15.12.

Dersom dei kommunale barnehagane tar opp barn til dømes om våren, og kommunen berre har eit teljetidspunkt i året, vil dette føre til auke i sats for driftstilskotet til dei private barnehagane to år seinare. Dette fordi opptak av nye barn vil krevje fleire tilsette, og at desse utgiftene blir berekna som kostnad per barn i høve til tal barn ved teljing 15.12.

Høgare utgifter per barn i kommunal barnehage vil føre til høgare tilskot til dei private barnehagane to år seinare. Dersom kommunen har fleire teljetidspunkt i løpet av året vil denne konsekvensen bli redusert.

Dersom kommunen held fram med dagens praksis, og ikkje innfører fleire teljetidspunkt, vil Alver kommune dei komande åra truleg få høgare utgifter til tilskot private barnehagar enn om ein innfører fleire teljetidspunkt. Dette er knytt til at det er venta færre barn i barnehagane dei komande åra, og at fleire teljetidspunkt vil vere med på å regulere tilskotet i samsvar med det reelle barnetalet i private barnehagar. Dei største endringane i barnetal er knytt til nytt barnehageår.

Døme: Dersom ein privat barnehage får redusert barnetal med 5 barn under 3 år og 3 barn over 3 år ved byrjinga av nytt barnehageår, og kommunen har fleire teljetidspunkt, vil dette få følgjande økonomiske konsekvens i høve til tilskot for hausten:

Sats enkeltstående barnehage				
Barn under 3 år	263 550			
Barn over 3 år	130 462			
X barnehage	15.12.2022	01.09.2023	Reduksjon barn	Reduksjon i tilskot haust 2023
småbarn	26	21	5	439 250
store barn	51	48	3	130 462
Totalt reduksjon av tilskot haust 2023				569 712

Den private barnehagen får då tilskot i samsvar med faktisk barnetal i barnehagen frå august av. Som skildra utgjer det ei stipulert innsparing for kommunen på kr. 569 712.

Ved aukande barnetal i kommunen, vil dei private barnehagane raskare få økonomisk kompensert at dei tar inn

fleire barn i løpet av barnehageåret, enn ved berre eit teljetidspunkt.

Sats for tilskot til private barnehagar vert berekna ut frå rekneskapen til kommunale barnehagar 2 år før tilskotsåret, altså er 2021-rekneskapen for kommunale barnehagar grunnlag for berekning av tilskotsatsen til private barnehagar i 2023.

### ***Kvalitative konsekvensar***

Dersom dei kommunale barnehagane tar opp barn til dømes om våren, og kommunen berre har eit teljetidspunkt i året, vil dette føre til auke i tilskotet til dei private barnehagane to år seinare. Difor er dei kommunale barnehagane restriktive med å tilby barnehageplass utanom hovudopptaket. Dette kan føre til at føresette opplever vanskar med å få barnehageplass i nærleiken av heimen tilpassa familien sine behov for oppstart i barnehageplass, i dei delar av kommunen med få eller ingen privat barnehage. Familiar kan ut frå dette ha ulik oppleving av kor lett det er å få barnehageplass i samsvar med behov, ut i frå kor ein bur i kommunen.

### ***Miljømessige konsekvensar***

Det er ikkje vurdert at innføring av fleire teljetidspunkt for barnehage vil få miljømessige konsekvensar.

### ***Organisasjonsmessige konsekvensar***

Innføring av tre teljetidspunkt vil medføre noko meir sakshandsaming og arbeid knytt til berekning og utbetaling av tilskot til dei private barnehagane for administrasjonen. Opplysningane kan hentast ut frå administrativt barnehagesystem, Vigilo.

### ***Risiko***

Den største endringa knytt til tal barn i barnehagen, er som tidlegare sagt relatert til opptak og nytt barnehageår. Dei eldste barna byrjar på skulen og småbarnsavdelinga får nye barn. I tillegg er det naturlege endringar i løpet av året knytt til demografi og flytting.

Tal tilsette i dei kommunale barnehagane blir regulert ved førebuing til nytt barnehageår, når ein veit kor mange barn det skal vere i barnehagen. Ved opptak av nye barn i løpet av året, kan det vere behov for å tilføre ekstra ressursar til bemanning.

Frå administrasjonen si side er det vurdert at innføring av fleire teljetidspunkt har liten innverknad på kvalitet og stabilitet i bemanninga i barnehagen. Dette fordi barnehagane i stor grad har ei bemanning i tråd med normkrava, og med det har ein praksis med å tilpasse tal tilsette med tal barn i barnehagen. Dette er presentert i kunnskapsgrunnlaget for redusert tal barn i barnehage og skule.

Ved behov for auka bemanning i løpet av året kan det vere vanskeleg å rekruttere ønskjeleg kompetanse. Dette har samband med generelle utfordringar i høve til tilgang på fagpersonar, og vil ikkje vere knytt til tal teljetidspunkt. Krav til bemanning i barnehage er gjeldande gjennom heile barnehageåret, og barnehagane må vurdere drifta si opp mot dette både ved planlegging av nytt barnehageår og undervegs i året.

Erfaringsvis er det er fleire barn som kjem til barnehagane i løpet av året, enn tal barn som sluttar eller flyttar. I praksis betyr dette at det er meir sannsynleg at det er behov for fleire tilsette i løpet av eit barnehageår, enn at barnehagen får for mange tilsette.

### ***Vurdering av særskilte grupper***

Fleire teljetidspunkt kan bidra til auka omfang av opptak til barnehage i løpet av barnehageåret. Dette kan vere positivt for familiar med særleg behov for barnehageplass, i delar av kommunen med få eller ingen private barnehagar.

### ***Kommunedirektøren si tilråding***

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt for barnehage frå og med januar 2024. Teljetidspunkta vert sett til 01.03, 01.09 og 15.12.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane

samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Saksbehandlingsreglar for etablering av forskrift skal følgjast i dette arbeidet.

**Vedlegg:**

Innspel til høyring -  
Utviding av tal  
teljetidspunkt  
barnehage  
Svar på høyring om  
tre teljetidspunkt fra  
Alver\_PBL  
lokallag\_230304. pdf  
Innspel til høyring -  
Utviding av tal  
teljetidspunkt  
barnehage  
Innspel til høyring -  
Utviding av tal  
teljetidspunkt  
barnehage -  
Leirdalen barnehage  
Innspel til høyring -  
Utviding av tal  
teljetidspunkt  
barnehage -  
Utdanningsforbundet  
Alver  
innspill til  
telletidspunkt fra PBL  
Alver  
Innspill Sak 23\_444  
Telletidspunkt  
20.01.23 Knarvik  
barnehage AS

**Vedlegg i saken:**

05.04.2023	Innspel til høyring - Utviding av tal teljetidspunkt barnehage	1907474
04.04.2023	Svar på høyring om tre teljetidspunkt fra Alver_PBL lokallag_230304. pdf	1907146
03.04.2023	Innspel til høyring - Utviding av tal teljetidspunkt barnehage	1906898
03.04.2023	Innspel til høyring - Utviding av tal teljetidspunkt barnehage - Leirdalen barnehage	1906851
03.04.2023	Innspel til høyring - Utviding av tal teljetidspunkt barnehage - Utdanningsforbundet Alver	1906698
31.01.2023	innspill til telletidspunkt fra PBL Alver	1871198
31.01.2023	Innspill Sak 23_444 Telletidspunkt 20.01.23 Knarvik barnehage AS	1871199
20.06.2023	Notat knytt til sak om telletidspunkt barnehage etter gjennomgang i formannskapet 16.06	1949864





**Arkiv:**

<arkivID><jplID> FA-  
B00, HistSak-16/1629

**JournalpostID:**

**Sakshandsamar:**

**Dato:**

08.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.06.2023
031/23	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	06.06.2023
092/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
112/23	Alver kommunestyre	15.08.2023
019/23	Ungdomsråd	05.06.2023
024/23	Eldreråd	05.06.2023
030/23	Utval for helse og omsorg	06.06.2023

### **Samarbeidsavtale syns- og audiopedagogisk teneste**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunedirektøren tilrår vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.06.2023:**

##### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar Oppvekst

##### **Framlegg frå Magne Bjørndal:**

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### **RMNF- 021/23 utfale:**

RMNF meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over sytti år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Rådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

#### **Eldreråd 05.06.2023:**

##### **Handsaming:**

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:

*Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar. Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.*

*Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.*

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

*Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

#### **ER- 024/23 uttale:**

Eldrerådet meiner Alver kommune må vidareføra samarbeidsavtalen om syns- og audiopedagogisk teneste. Men rådet er bekymra over at det den nye avtalen skal innebera at personar over 70 år ikkje blir omfatta av denne tenesta. Rådet meiner tvert om at det ikkje må setjast noko øvre aldersgrense for desse tenestene som samarbeidsavtalen med Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) omfattar. Eldrerådet vil peika på at eit godt tilbod til aldersgruppa over 70 år vil medvirka til at fleire kan bli buande heime lengst mogleg.

Eldrerådet meiner det er uheldig at innspel frå Blindeforbundet og FFO, som er sendt til kommunane, ikkje er tekne med blant saksdokumenta. Her vert det reist kritikk mot at samarbeidsavtalen legg opp til innskrenkingar i tilbodet til personar over 70 år. Sjølv om SAPT skal prioritera born og unge, meiner rådet det er svært uheldig at denne gruppa får eit dårlegare tilbod enn den har hatt til no.

Eldrerådet går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

*Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.*

#### **Ungdomsråd 05.06.2023:**

##### **Handsaming:**

Orientering i saka v/Monica Svarstad

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes

#### **UR- 019/23 uttale:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **Utval for helse og omsorg 06.06.2023:**

##### **Handsaming:**

Monica Svarstad-rådgjevar oppvekst orienterte i saka.

##### **Det vart sett fram følgjande felles framlegg til innstilling:**

*Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.*

*Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalanane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.*

*Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT*

*framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no.*

*Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.*

Felles framlegg sett fram i møtet vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.  
Felles framlegg sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **Protokoll-tilførsel**

Utval for helse og omsorg er svært kritisk til at styret i SAPT gjer val på vegne av kommunane utan å gje høve til innspel før ny samarbeidsavtale skal inngåast.

Utvalet slutta seg samrøystes til protokoll-tilførselen.

#### **HO- 030/23 uttale:**

Alver kommunestyre godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste.

Kommunestyret i Alver stiller seg bak uttalane frå Eldrerådet og frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret ber om at administrasjonen går i dialog med styret i SAPT med ein intensjon om at SAPT framleis skal gje tilbod til innbyggjarar over 70 år. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over 70 år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunane.

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.06.2023:**

##### **Handsaming:**

Orientering til saka v/Monica Svarstad-rådgjevar stab Oppvekst

#### **Fellesframlegg v/Christel Villanger Håland-H:**

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

##### OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 031/23 innstilling:**

Positivt å prioritere born / unge, men me reagerer på at prisen er den same tross i at tenesta då er noko redusert ift personar som vil nytta dette tilbodet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur støttar ellers uttale frå Eldrerådet og RMNF.

##### OKK går inn for at kommunestyret gjer slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner vidare samarbeidsavtale med Syns- og audiopedagogisk teneste. Tenesta må snarast mogleg få på plass ein kapasitet som gjer den i stand til å gje personar over sytti år det same tilbodet som dei har hatt til no. Kommunestyret er innforstått med at etablering av ein slik kapasitet på sikt kan føra med seg ein viss utgiftsauke for kommunen.

## **Alver kommunestyre 22.06.2023:**

### **Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KO- 092/23 Vedtak:**

Saka er utsett.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur og utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

### **Saka gjeld**

Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) gjev råd, rettleiing og teneste knytt til syns- og høyrsefeltet til innbyggjarar i kommunar og fylkeskommunar. SAPT har ein meir spissa kompetanse på syns- og høyrsefeltet enn det Alver pedagogisk psykologisk teneste (PPT) i kommunen kan tilby innbyggjarane, og dei bidrar i samarbeid med PPT og NAV til at kommunen kan støtte lovkrava i barnehageleva, opplæringslova og lov om folketrygd på desse områda.

Etter endring av kommunelova i 2020 er det nye krav til interkommunale samarbeid som alle deltakande kommunar må handsame i sine kommunestyre. Det blir med dette lagt fram ei ny samarbeidsavtale i tråd med kommunelova kapittel 19 – kommunalt oppgåvefelleskap. Samarbeidsavtalen skal derfor handsamast i Alver kommunestyret.

SAPT utvidar no tilbodet sitt frå å gjelde for kommunar i tidlegare Hordaland, til også å gjelde for kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane. Endring i forhold til tidlegare avtale vil dermed vere at SAPT skal dekkje eit større geografisk område. Det er ikkje klart endå kor mange kommunar som vil delta i samarbeidet. SAPT har i den nye avtalen innført ei øvre aldersgrense på 70 år og gjort mindre justeringar i inntakskriteria (grad av høyrse- og/eller synstap). Personar over 70 år kan varetakast ved at kommunen får rettleiing på systemnivå.

Representantskapet er SAPT Vestland sitt øvste mynde. Alle deltakarkommunane skal vere representert, og representantar og vara blir valde for fire år om gangen.

Styret har det overordna faglege og økonomiske ansvaret. Styret består av representantar frå kommunane, fylkeskommunen, dei tilsette ved tenesta og interesseorganisasjonar.

Samarbeidsavtalen trer i kraft 01.10.2023.

### **Saksopplysningar**

#### **Bakgrunn:**

#### ***Sakshistorikk***

SAPT har fungert som ei interkommunal teneste i mange år. SAPT ligg under Etat for spesialpedagogiske teneste i Bergen kommune, og Bergen kommune er arbeidsgjevar for dei tilsette. Alver kommune har hatt avtale med SAPT i fleire år.

SAPT har i dag 12,8 årsverk med synspedagogar og audiopedagogar som kartlegg, gjev informasjon, råd, rettleiing og teneste knytt til syns- og høyrsefeltet, og tilbyr både pedagogiske, praktiske og tekniske tiltak. Tenesta arbeider på både system- og individnivå. SAPT deltar i etablering og oppbygging av nettverk kring brukarar og aktuelle samarbeidspartnarar. Dei tilbyr kurs for brukarar, føresette, tilsette i skular og barnehagar

og helsepersonell. SAPT rettleiar brukarar til aktuelle og relevante hjelpeteneste. Barn og unge er prioritert.

SAPT skal bidra til å sikre at kommunane har tenestetilbod på område der ein ikkje har tilstrekkeleg spisskompetanse, og at kommunane oppfyller krava i barnehagelova, opplæringslova og lov om folketrygd.

I 2021 var brutto årskostnad for kommunane 21,74kr per innbyggjar.

Tal personar i Alver kommune som har mottatt teneste frå SAPT frå oktober 2019 til mars 2023:

Syn:

over 70 år:	65 personar
25-69 år:	24 personar
18-24 år:	3 personar
0-17 år:	8 personar

Høyrslø:

over 70 år:	45 personar
25-69 år:	26 personar
0-17 år:	28 personar

Bente Tunestveit (einingsleiar SAPT) presiserer at tidsbruken per sak varierer mykje. Generelt brukar ein mykje meir tid på å følgje opp saker som gjeld barn og unge samanlikna med eldre. Dette fordi SAPT i større grad møter barna der dei er, føl dei opp i overgangar, kursar barna og viktige støttepersonar i bruk av utstyr, deltar på samarbeidsmøte mm.

### **Behov**

#### **Vurderingsgrunnlag**

**Lov om kommuner og fylkeskommuner:**

[Lov om kommuner og fylkeskommuner \(kommuneloven\) - Kapittel 19. Kommunalt oppgavefellesskap - Lovdata](#)

**Lov om barnehager:**

[Lov om barnehager \(barnehageloven\) - Lovdata](#)

**Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa:**

[Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#)

**Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester mm:**

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#)

### **Partar**

Alver kommune skal ta stilling til om ein vil ha ei samarbeidsavtale vidare med SAPT. Tenesteleiar ved PPT har kome med sine synspunkt under utarbeiding av politisk sak, og tilrår vidare samarbeid.

### **Vurdering:**

Det er vurdert at Alver kommune har behov for ei samarbeidsavtale med SAPT for å oppfylle rettane til innbyggjarar med syns- og høyrsløutfordringar, og for å oppfylle lovkrava i barnehagelova, opplæringslova og lov om folketrygd.

Alver PPT har god kompetanse på grunnleggjande nivå for denne målgruppa, men treng supplering med spisskompetansen som SAPT kan tilføre for å gje dei naudsynnte tenestene.

### **Alternativ**

Det finnst ikkje per i dag alternative tilbydarar til SAPT sine teneste i Vestland fylke.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ei avtale med SAPT vil bety ein kostand på kr 21,74 per innbyggjar i kommunen (dersom ingen endring etter 2021).

29 927 (innbyggjarar per 1. kvartal 2023) x 21,74 = 650.612,98 kr.

Merknad: Dette er ikkje ny kostnad for kommunen då Alver kommune allereie er inne i eit avtaleforhold med SAPT.

### **Risiko**

SAPT har opplevd ein auke i etterspurnad frå eldre brukarar. Dette saman med at tilbodet går ut til fleire kommunar har gjort at styret i SAPT har vurdert om det er naudsynt å auke kapasiteten i tenesta. Styret i SAPT har foreløpig vurdert at ein ikkje aukar kapasiteten i tenesta, men set ei øvre aldersgrense på 70 år og gjer mindre justeringar i inntakskriteria.

Det er ikkje erfart kva konsekvens knytt til kapasitet utvidinga vil få, og om dette vil føre til at SAPT leverer ei redusert teneste til Alver kommune framover (rekna i timar?). SAPT prioriterer barn og unge, samt brukarar med dei største sansetapa. Dersom SAPT ikkje aukar kapasiteten i tenesta, er det vurdert som ein risiko at utvidinga kan gjere at SAPT ikkje klarar å levere tenester til alle som har behov og er innanfor mottakarbeskrivinga til SAPT, eller må gje eit redusert tilbod.

### **Vurdering av særskilte grupper**

Avtalen er særleg viktig for barn- og unge i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring med syns- og høyrslautfordringar. Det er særleg viktig at dei får den hjelpa og tilrettelegginga dei har behov for å kunne nyttiggjere seg av opplæringstilbodet.

Dersom denne gruppa ikkje får tilstrekkeleg hjelp, kan det auke risikoen for at dei ikkje fullfører vidaregåande opplæring, at dei ikkje kan delta på fritidsaktivitetar og andre sosiale aktivitetar, at dei ikkje kan ha ei likeverdig deltaking i samfunnet og at dei blir særleg sårbare for psykiske lidingar.

Avtalen vil og vere viktig for vaksne med store syns- og høyrslautfordringar, då det er viktig at dei får den hjelpa og tilrettelegginga dei treng til å ha god livskvalitet, vere i arbeid, gjennomføre utdanning og til å ha ei likeverdig deltaking i samfunnet.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Alver kommune har avtale med SAPT og har erfart at det gjev kommunen tilgang til naudsynt kompetanse for å innfri lovkrava i lov om barnehage, lov om grunnskule og vidaregåande opplæring og lov om folketrygd.

SAPT utvidar no området dei skal gje tilbod til, samt at dei opplever auka etterspurnad frå eldre brukarar. Dette kan føre til kapasitetsutfordringar, og tenesta kan dermed bli mindre tilgjengeleg for innbyggjarane. SAPT gjer derfor endringar i avtalen som gjer at færre innbyggjarar blir i målgruppa for tenestene deira ved å stramme inn inntakskrav og setje ei øvre aldersgrense på 70 år.

Den nye avtalen gjev totalt sett innbyggjarane i Alver eit redusert tilbod i forhold til tidlegare, men kommunedirektøren tilrår likevel at Alver kommune har samarbeidsavtale med SAPT vidare.

### **Vedlegg i saken:**

30.05.2023	SAPT Vestland samarbeidsavtale	1932433
30.05.2023	SAPT Info til kommunene i Vestland	1932434
30.05.2023	Saksgrunnlag kommunestyrebehandling samarbeidsavtale	1932435
30.05.2023	Brosjyre SAPT	1932436
06.06.2023	Uttale frå Blindeforbundet	1940549

06.06.2023	Innspel frå FFO Vestland	1940554
06.06.2023	Uttale frå SAPT Brev til kommuner i Hordaland mai 23	1940575
12.06.2023	Referat styremøte SAPT 270922	1944821
15.06.2023	Epost - vedlegg KO sak SAPT	1947452
15.06.2023	Notat til KO sak SAPT	1947453



**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U01, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.05.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/23	Utval for næringsutvikling og drift	07.06.2023
067/23	Alver formannskap	08.06.2023
101/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
113/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

## Samarbeidsavtale Industriutvikling Vest 2023-2024

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023 – 2024.

### Utval for næringsutvikling og drift 07.06.2023:

#### Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

*Utval for næringsutvikling og drift er glade for at vi får på plass ein samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023-2024. Dette er ein svært viktig avtale for næringsutvikling i kommunen og regionen som vil gje god effekt og utbytte.*

Utvalet vedtok samrøystes S. Lavik sitt framlegg til uttale.

### ND- 016/23 uttale:

Utval for næringsutvikling og drift er glade for at vi får på plass ein samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023-2024. Dette er ein svært viktig avtale for næringsutvikling i kommunen og regionen som vil gje god effekt og utbytte.

### Alver formannskap 08.06.2023:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 067/23 innstilling:

Alver kommune vedtar samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest AS for perioden 2023 – 2024.

### Alver kommunestyre 22.06.2023:

#### Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### KO- 101/23 Vedtak:

Saka er utsett

### Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for næringsutvikling og drift

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Saka gjeld**

I denne saka blir det lagt fram ein samarbeidsavtale mellom Industriutvikling Vest (IUV) og Alver kommune for perioden 2023 – 2024.

### **Saksopplysningar**

#### **Bakgrunn:**

Industriinkubatoren Industriutvikling Vest (IUV) og Alver kommune har hatt eit tett samarbeid dei siste åra om næringsutvikling, entreprenørskap og innovasjon. Kommunen har også bidratt med årlege driftstilskot. For å styrke samarbeidet ytterlegare er det utarbeidd ein samarbeidsavtale som skal vere med å tydeleggjere satsingane. Avtalen er i første omgang for perioden 2023 – 2024, men det er lagt opp til at avtalen kan vidareførast om partane ønskjer det.

Føremålet med avtalen er å styrke arbeidet med næringsutvikling, innovasjon og entreprenørskap i Nordhordland generelt og Alver kommune spesielt. Partane skal samarbeide om å utvikle fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative næringsmiljø. Avtalen skal bidra til å realisere mål og strategiar i strategisk næringsplan for Alver kommune, i tillegg til at Industriutvikling Vest når sine mål og satsingar som ligg i inkubatorprogrammet.

Alver kommune bidrar med kr 500.000 i driftstilskot per år i avtaleperioden. På slutten av avtaleperioden blir det gjennomført ei evaluering og ei vurdering om vidare samarbeid.

#### **Vurdering**

Industriutvikling Vest er ein viktig utviklingsaktør for Nordhordland og for Alver kommune, og har bidratt med å utvikle mange gründerar og verksemder sidan oppstarten i 2011. For Alver kommune er Industriutvikling Vest ein strategisk viktig samarbeidspartner, som er med på å realisere mange av dei utviklingsmåla som kommunen har for næringslivet i regionen. Mellom anna har Industriutvikling Vest og kommunen eit tett samarbeid om prosjektet Greenspot Mongstad.

Samarbeidsavtalen vil bidra til å styrke samarbeidet ytterlegare, og tydeleggjere kva for aktivitetar kommunen og Industriutvikling Vest skal samarbeide om. Alver kommune vedtok strategisk næringsplan i mai 2023, og det er naturleg at kommunen samarbeider med Industriutvikling Vest for å realisere dei ambisjonane som ligg i næringsplanen.

I samarbeidsavtalen er det lagt inn at Alver kommune bidrar med kr 500.000 i årleg driftstilskot i avtaleperioden. Desse midlane blei vedtatt gjennom økonomiplan 2023 – 2026.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår at Alver kommune inngår samarbeidsavtale med Industriutvikling Vest for perioden 2023 – 2024.

#### **Vedlegg i saken:**

31.05.2023

Samarbeidsavtale mellom IUV og Alver kommune

1934825

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 01.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
063/23	Alver formannskap	08.06.2023
102/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
114/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

## Handsaming av interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Saka blir lagt fram til politisk drøfting

### Alver formannskap 08.06.2023:

#### Handsaming:

#### Framlegg frå A.Byrknes-KRF og I.Fjeldsbø-H:

Punkt 1.

Kommunestyret vil formelt orsaka at sakshandsaminga ikkje var god nok, verken formelt eller innholdsmessig. Kommunikasjonen i samband med denne saka har vore dårleg med dei konsekvensane det har fått.

Punkt 2

Med utgangspunkt i kriteria som er nemnd i tilskotsbrevet frå departementet oppfyller ZINGZANG alle dei 4 kriteria i runde 7. Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet oppfyller 2 av kriteria.

Med utgangspunkt i sak 47/22 vedtek kommunestyret ei ekstra tildeling til ZINGZANG og Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet med høvesvis kr. 140.000,- og kr. 50.000,-.

Midlene tas frå disposjonsfondet.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster, mot 5 røyster (J.Hellestveit-SP, N.Bognøy-AP, S.Sekkingstad-SP, T.Helland-SP og Ø.Oddekalv-AP)

### FO- 063/23 innstilling:

Punkt 1.

Kommunestyret vil formelt orsaka at sakshandsaminga ikkje var god nok, verken formelt eller innholdsmessig. Kommunikasjonen i samband med denne saka har vore dårleg med dei konsekvensane det har fått.

Punkt 2

Med utgangspunkt i kriteria som er nemnd i tilskotsbrevet frå departementet oppfyller ZINGZANG alle dei 4 kriteria i runde 7. Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet oppfyller 2 av kriteria.

Med utgangspunkt i sak 47/22 vedtek kommunestyret ei ekstra tildeling til ZINGZANG og Klinikk Sætran – Helse & Skjønnhet med høvesvis kr. 140.000,- og kr. 50.000,-.

### Alver kommunestyre 22.06.2023:

#### Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KO- 102/23 Vedtak:**

Saka er utsett

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i formannskapet

**Saksutgreiing****Bakgrunn**

I kommunestyresak 67/23 blei det handsama ein interpellasjon frå Alver Krf og Alver Høgre som omhandlar handsaming av kompensasjonsmidlar for lokale verksemder i samband med koronapandemien. Kommunestyret vedtok å sende interpellasjonen til formannskapet for vidare handsaming.

Kommunedirektør har utarbeidd eit notat som formannskapet kan nytte i handsaming av saka.

**Vurdering**

Saka blir lagt fram til politisk drøfting

**Vedlegg i saken:**

01.06.2023	Interpellasjon om kommunen si handsaming av kompensasjonsmidlar runde 6 og 7	1937559
01.06.2023	Saksutgreiing sak 47_22 - Tildeling av kommunal kompensasjonsordning for lokale verksemder	1937561
01.06.2023	Notat frå kommunedirektør	1937560
01.06.2023	Tilskotsbrev - kompensasjonsmidlar - runde 6	1937562
01.06.2023	Tilskotsbrev - kompensasjonsmidlar -runde 7	1937563

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-255  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 07.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
071/23	Alver formannskap	15.06.2023
103/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
115/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

## Rettet emisjon - Gløde Utvikling AS

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyising av sine eigardelar.
- Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonere og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.
- Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til at det vert starta opp eit arbeid med mål om fusjon mellom vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i.

### Alver formannskap 15.06.2023:

#### Handsaming:

N.M.Aadland og A.G.Eide stilte spørsmål om sin habilitet som styreleiar og styremedlem i Gløde. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at N.M.Aadland og A.G.Eide er inhabil i denne saka. Dei deltok ikkje under handsaming og vedtak i denne saka.

#### Framlegg om endring pkt.4 frå A.Aa.Byrknes-KRF:

4. Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

Pkt 1-3 i kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Pkt 4 frå A.Byrknes-KRF vart samrøystes vedteke.

### FO- 071/23 innstilling:

- Alver kommune er positive til å kjøpe aksjar i Gløde Utvikling As, for inntil kr 3.000.000,-. Det er ei føresetnad at dei andre eigarane sluttar seg til utvidinga, utan å krevje umiddelbar innløyising av sine eigardelar.
- Kommunestyret bed om at Gløde AS utarbeidar naudsynt dokumentasjon og avtaler, som mellom anna sikrar at eksisterande aksjonere og Alver kommune sine retter og pliktar vert ivareteken.
- Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere endeleg vedtak i saka, inkludert finansiering ved bruk av disposisjonsfond.
- Kommunestyret bed kommunedirektøren ta initiativ til dialogmøte for dei vekstverksemdene som kommunen eig eller er majoritetseigar i. Målet med dialogmøte er å drøfte ein mogleg prosess om fusjon.

## **Alver kommunestyre 22.06.2023:**

### **Handsaming:**

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KO- 103/23 Vedtak:**

Saka er utsett.

### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Kva saka gjeld:**

Gløde Utvikling AS har i vedlagde skriv beskrive deira økonomiske utføre og kome med ynskje om at det vert gjort ei retta emisjon mot Alver kommune på til saman 4-6 million kr.

### **Vurdering**

Ei retta emisjon krev korrekt sakshandsaming og vedtak før den kan effektuerast. Det er difor viktig å sikre at selskapet og Alver kommune sine handlingar er i tråd med selskapet sine vedtekter, evt aksjonæravtale og aksjelova m forskrift.

Selskapet skriv at det har vore eigarmøte 27.4.23, med orientering og at det ikkje er kome merknader til prosessen. Dette må formaliserast/dokumenterast i generalforsamling 20.6.23, eller før Alver gjer vedtak om kjøp av aksjer.

Det er viktig å sikre alle aksjonærene sine rettar, og at ei kapitalutviding vert gjort i tråd med vedtektene, dersom dette temaet er omtalt i vedtekter eller stiftelsesdokument. Ved å utvide aksjekapitalen i størrelsesorden 2-6 mill. kr. vert dei andre aksjonærene «minoritetsaksjonærar». Dette kan gje oss plikt til å løyse ut dei andre aksjonærene, dersom dei krevjar det. Det vil også være mogleg for Alver kommune å tvangsinnløyse dei resterande aksjane etter ein slik emisjon. Denne retten/plikta oppstår ved eigarskap på meir enn 90% av aksjane.

Før vi gjer endeleg vedtak om å kjøpe aksjar i emisjonen, må vi også fastsetje ei rettviss pris for dei nye aksjane – kr 1 per stykk eller anna pris? Prisen skal akseptast av oss og dei gamle aksjonærene. Gløde Utvikling AS må utarbeida naudsynt dokumentasjon, som emisjonsavtale, teikningsblankett(er) med vilkår, framlegg til pris, tidsfristar og andre relevante detaljer.

Vi forutset at aktuelle långjevarar/panthavarar til selskapet, vert haldne orientert om framdrift og konklusjonar i saka om retta emisjon.

Saksframstillinga til selskapet er ikkje tydeleg på konklusjon knytt til storleik på emisjonen Gløde Utvikling AS ynskjer av formannskapet. Administrasjonen vurderer difor dette, som om at det er eit intensjonsvedtak som er «bestillinga».

Kommunedirektøren ser det som mest tenleg med eit intensjonsvedtak i formannskapet 15.6.23 og kommunestyret 22.6.23, kor det vert delegert til formannskapet å gjere vedtak om eventuell ekstern bistand og endeleg avtale om kjøp av aksjar. Dersom det er tilstrekkeleg for selskapet å ha ei avgjerse 5.10.23, kan saka handsamast av kommunestyret.

Prosedyre/dokument for å sikre våre/alle aksjonærene sine interesser, i tråd med aksjonæravtale, forskrift og lov, vert utarbeida av Gløde Utvikling AS.

Det er Alver kommunestyre, på vegne av Alver kommune, som skal godkjenning en eventuell retta emisjon. (Eller formannskapet, om slikt løyve vert delegert).

Denne saka, saman med økonomiske utfordringar i Aufera AS, aktualiserer trongen for å vurdere om våre vekstselskap er best mogeleg organisert. Det kan vere tenleg å vurdere om ei samanslåing av selskapa (inkludert KIM AS) kan vere med å effektivisere og ytterlegare betre drifta av selskapa. Fedje og Austrheim

kommunar får tilsendt kopi av denne saka, samtidig som formannskapet i Alver mottek sakspapira. Ved vedtak av prosess, må vi orientere styra i selskapa og involvere sentrale interessentar. Det er viktig å involvere eigarane, styra og samarbeidspartar i det føreståande arbeidet, for å sikre at det vert gjort gode og riktige vurderingar – før endeleg konklusjon er sett.

**Vedlegg i saken:**

13.06.2023	Saksframstilling til Alver kommune - emisjon i Gløde Utvikling AS	1945852
21.06.2023	Saksutdrag frå Generalforsamling i Gløde Utvikling AS 20.6.23 - Sak 9-23 Retta emisjon	1951366
08.08.2023	Saksframstilling til kommunestyret i Alver kommune 15.08.23 - emisjon i Gløde Utvikling AS(1121529)	1972515

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 12.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
105/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
116/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

### Melding/orientering til kommunestyret 22.06.2023

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

#### Alver kommunestyre 22.06.2023:

##### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### KO- 105/23 Vedtak:

Meldinga vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Meldingar/orienteringar:

- Arbeidsgjevarstrategi 2023-2026
- Granskning - notat knytt til vedtakspunkt 4 og 5 i sak 03-23
- Ny selskapsorganisering NGIR – Pressemelding
- Protokoll representatskapet Region Nordhordland IKS 02.06.2023
- Protokoll representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS 02.06.2023

#### Vedlegg i saken:

12.06.2023	Arbeidsgjevarstrategi 2023 - 2026	1945187
15.06.2023	Granskning - notat knytt til vedtakspunkt 4 og 5 i sak 03-23	1947575
12.06.2023	1-2023 Protokoll Representantskapet RNI 2. juni (L)(1069259)	1945195
12.06.2023	Protokoll 1-2023 Representantskap RNHI 2. juni	1945196



12.06.2023	(L)(1069267) Pressemelding - Ny selskapsorganisering i NGIR	1945188
26.07.2023	(L)(1069055) Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5.juni 2023	1968868
26.07.2023	Referat frå NGIR sitt representantskapsmøte 5	1968869

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033, HistSak-14/3748  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 15.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
106/23	Alver kommunestyre	22.06.2023
117/23	Alver kommunestyre	15.08.2023

### Spørsmål/interpellasjonar 22.06.2023

#### Alver kommunestyre 22.06.2023:

##### Handsaming:

Framlegg om at saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

##### KO- 106/23 Vedtak:

Spørsmål og interpellasjonar er utsett.

#### Vedlegg i saken:

05.05.2023	Grunngitt spørsmål til kommunestyret 11.05.2023	1922795
15.06.2023	Spørsmål til ordfører	1947656